



Gratis
festivalavis 2016.
27. årgang.
Tillegg til
Sunnhordland

Velkommen til tidenes handballfest på Stord



Møt opp og sjå festivaltoget **laurdag 14. mai!** Det startar frå **Leirvik skule** klokka **11.30**
og endar opp med flott opning av den 26. Handballfestivalen på **Torget** klokka **12.00**.

Gode festivaldeltakarar, sunnhordlendingar og alle andre!



Hjarteleg velkommen til nok ein Handballfestival på Stord! No er me endeleg i gang og dette har me gleda oss til heilt sidan i fjor når me var ferdig med føre turnering. I fjor var me diverre litt uheldige med været, noko me lover å prøve å gjera betre i år - men me kan diverre ikkje lova noko.

Årets turnering vert noko mindre enn i fjor, me landa til slutt på 350 lag, noko me er svært nøgd med. I år har me ei utfordring med at Stord ungdomsskule skal rivast, men heldigvis er jobben utsatt til 18. mai. Me er svært takksame for at Stord kommune gjorde det slik at me kunne gjere oss nytte av gamle skulen før rivingsarbeid starta.

I år håper me på at me har laga eit attraktivt program for deltakarane våre.

Eg trur ikkje det skal verta stor kjangs for at nokon skal kjeda seg innimellom kampar og måltid. Vår turnering er kjend for å vera svært sosial og mange gode venskapsband vert knytta.

I år kjem to gjester frå Viborg i Danmark som vil sjå korleis me avvikler Handballfestivalen, det ser me på som svært kjekt og me vil prøve å reise til dei for å sjå om me kan læra noko. Det er viktig for oss å få arrangementet vårt så bra og profesjonelt som mogleg!

Til slutt vil eg oppfordre alle og ein kvart til å få med seg hovedattraksjonane:

- opning på torget og toget frå Leirvik skule, avgang laurdag kl 11.30.
- det yrande livet på Vikahaugane på laurdag ettermiddag og heile søndag
- premieutdeling/medaljesermoni for dei under 12 år på mandagen kl 12

Lukke til vil eg ynskja alle på turneringa vår!

Venleg helsing
Stord IL Handballgruppa
Handballfestivalen 2016
Kjartan B. Grov
Festivalleiar

Gode handballvener

Like sikkert som at bjørken blomstrar og fuglane syng for full hals er det på ny tid for årets største folkefest på Stord. For 27. gang vert Handballfestivalen arrangert, der eit hav av handballspelarar tek turen frå heile Vestlandet for å ta del i idrettsfesten. I år er det venta heile 360 lag med nærare 4000 spelarar til festivalen. Heldigvis har Stord kommune sørgja for at rivningsarbeidet på gamle Stord ungdomsskule først vert starta opp etter festivalen, slik at alle spelarane får tak over hovudet.

Heile Leirvik står på hovudet i festivalhelga, med arrangement og folkeliv frå tidleg til seint. Handballfestivalen har verkeleg sett

Stord på kartet, og mange har opp gjennom åra fått mange kjære barndomsminner frå byen vår etter å delteke på festivalen. Stord har lenge vore viden kjent som ein stor idrettskommune. Dette har handballmiljøet mykje æra for, og alle eldsjelene som har stått bak eit utal arbeidstimar fortener ein stor takk.

Eg ønskjer deltakarar, frivillige og tilskodarar ein feiande flott festival!

Harry Herstad, ordførar i Stord





Tarje Tvedten debuterte for Stord i eliteserien heime mot Bækkelaget i mars, og skåra to mål. Foto: Henrik Mundal Andreassen

Fører familie-tradisjonen vidare

Tarje Tvedten har aldri vore i tvil, han skal spela handball på toppnivå. I mars fekk 18-åringen debuten sin i eliteserien, då Bækkelaget var på besøk på Vikahaugane.

Bendik Hystad

– Det var sjølvsagt kult å få debuten på heimebane framfor familie og kjente. Sjølv om eg var noko nervøs så tenkte eg berre at eg skulle få ei fin oppleving og ha det kjekt på banen. Det var målet mitt for sesongen å få oppleve i minste fall éin kamp for elitelaget, seier Tarje Tvedten. 18-åringen fekk debuten heime mot Bækkelaget i starten av mars, og gjorde ein flott figur med 2 mål i sin første kamp. No ser han spent fram mot ein ny sesong med elitelaget, som er tilbake i 1.

divisjon etter det som blei ein kort visitt i eliteserien.

– Det blir veldig spanande, både med tanke på nye spelarar og kven som blir trenar. Eg ser verkeleg fram til ein ny sesong, sjølv om eg er litt sliten akkurat no, fortel venstrekanten.

– Eg må sjølvsagt ha som mål å spela meg inn på laget, seier Tvedten som mest sannsynleg skal kniva med Håvard Olsen om plassen på venstrekanten.

Køyrrer sitt eige løp

Tvedten er eit ikkje ukjent namn for handballinteresserte. Onkel Håvard Tvedten står bokført med 208 kampar for det norske herrelandslaget, medan onkel Terje Tvedten har flest kampar i historia for laget som Tarje no er i ferd med å bli ein del av.

– Då eg var liten spurde alltid folk meg om kva eg skulle bli, og då var svaret handballproff, seier studenten som går 2.

året på idrettslina på Stord vidaregåande. Men noko press har han aldri følt.

– Eg følar ikkje eg har noko særleg å leva opp til med tanke på onklane mine. Eg køyrer mitt eige løp og håpar at eg ein gong kan spela fast på eit høgt nivå, seier Tvedten. Så då gjenstår det å sjå om ungguten allereie kommande sesong kan bli ei viktig brikke på elitelaget. Under Handballfestivalen 2016 blir derimot ikkje venstreflanken å sjå.

– Nei, eg har faktisk bestilt flybilletter til Syden akkurat då, så det blir lite dugnad på meg denne gongen, smiler Tvedten som sist han var med på Handballfestivalen som spelar stakk av med sigeren i G16-klassen.



Tvedten er eit stolt handball-namn på Stord. No skal Tarje (18) føra tradisjonane vidare etter sine meir namngjetne onklar, Terje og Håvard. Foto: Bendik Hystad

Travle tider for handballfam



Så er middagen klar. Amanda er tydeleg nøgd med biffgryta til pappa Jonas.



Tid for kos saman med vesle Amanda på tre år.

Det går fort i svingane når Jonas Sjölin og Ingebjørg Aaland skal rekkje handball-treningar og kampar rundt herre- og damelaget.

Tekst: RUNAR ØVREBØ

– Det har vore heilt på grensa denne sesongen, innrømmer Jonas Sjölin. Travelt opptatt med middagslaging til sambuar Ingebjørg og sjarmtrollet Amanda på tre år.

– Det krev mykje logistikk og planlegging for å få det til å gå i hop, dersom begge skal kunne rekkje kamp og trening.

– Blir det mykje bruk av barnevakt?

– Nei det prøver me å bruke minst mogeleg. Men tante Ragnhild er god å ha nokre dagar, seier Ingebjørg. Ho er playmakeren på damelaget til Stord som sikra plassen i den nye 2. divisjon.

Nokre rundar

Jonas fekk det ekstra travelt i vinter då Jesper Holm slutta som trenar for herrelaget like før jul.

På den tida var Jonas spelande trenar for rekruttlaget i 2. divisjon

– Eg må innrømme at det blei nokre rundar på heimebane før eg sa ja til å bli vikarierende trenar i eliteserien, røper den blide svensken som kjem frå Lysekil.

– Etter 30 år med handball har eg plukka mykje med meg gjennom ulike trenarar. No har eg lyst å dele dette med andre.

– Jonas er ein positiv mann. Der viljen



Denne veka signerte Jonas Sjölin ny kontrakt som herretrenar for 1. divisjonslaget til Stord sesongen 2016/17. Foto: Henrik Mundal Andreassen

er større enn forstanden, seier kona med glimt i auga.

Uansett, han har alltid hatt lyst til å ha hovudansvar og lyst til å prøve seg. Men det er klart at dette vil gå ut over noko anna. Men eg har ikkje tenkt å halde han igjen, seier handballsamboaren midt under ein hektisk middag. Før begge skal ut på oppdrag i handballens teneste.

Denne veka signerte Sjölin ny kontrakt som herretrenar for 1. divisjonslaget til Stord sesongen 2016/17.

Husbygging på vent

Begge er dei samde om at husbygging,

trenarjobb med herrelaget og speling på damelaget neppe lar seg kombinere med nybygg på Hystad.

– Me har kjøpt oss tomt på Hystad. Me klarer neppe å få det til, innrømmer Jonas som til dagleg er i byggjebansjen for Christian Valenca i firmaet Andersen&Valenca.

Kva må til for at kona skal sei ja til mindre familieliv og meir handball?

– Hehe. Det må til nokre rundar med matlaging, blomsterbukettar og rydding. Men det går fint, smiler Jonas.

Frisoner

ilien



Jonas Sjölin

Født: 17/3-1980, Lysekil
 Tidlegare klubbar: Lysekil, Viborg, Stavanger HK, SIF og Stord.
 Yrke: Vikarierende trenar for eliteserielaget til Stord og forskalingsnekker.
 Favorittmusikk: Lars Winnerbäck
 Mitt ferieparadis: Hellas
 Mi siste leste bok: Er hekta på lyd-bøker. Då blir det krim.
 Kva irriterer deg: Rot
 Min idrettshelt: Zlatan

eg har hatt frie tøyalar til å velje kva eg vil, seier Ingebjørg, som valde å satse for fullt på handball. Det har gitt henne eliteseriespel med Sola. Før ho returnerte til jobb på Stord vidaregåande og spel for damelaget til Stord. Her er ho ei viktige brikke for å få damelaget opp i 1. divisjon.

Kva gjer de om ti år?

– Då trenar me Amanda og gjer ein jobb i ungdomsavdelinga. Vi klarer neppe å halde oss klar handballhallen, seier begge samstemt.

No er begge klare for dugnadsjobb under Håndballfestivalen.

– Amanda blei født under HF for tre år sidan. Like etter fødselen gjekk det utover høgtalaranlegget på Vikahaugane. Jonas fekk og beskjed om å melde seg på dugnad i same slengen. Heile stadion visste det før dei næraste i familien fekk melding om det, ler Ingebjørg og Jonas. No gler deg seg begge til å vera i festivalområdet med vesle Amanda på sykkel.

Vekeprogrammet til Jonas og Ingebjørg

Måndag: Ingebjørg fri. Jonas trening med herrelaget.

Tysdag: Ingebjørg trening med damelaget. Jonas trening med herrelaget.

Onsdag: Ingebjørg har ansvar for Kvardagsatleten.

Torsdag: Jonas trening frå 16.00-17.30
 Ingebjørg trening frå 18.00-19.30

Jonas andre økt frå 19.30-21.00

Fredag: Ingebjørg
 Morgenatleten 6.45
 Jonas køyrer Amanda i barnehagen
 Jonas har ei treningsøkt med handball om kvelden.

I tillegg er det seriekampar for begge i helgene. Jonas har og ein del midtvekekampar med herrelaget.

Men eg fekk meg ei friveke i Polen under VM i handball i starten av januar. Det gjorde godt.

– Tur til Vågsli og på ski er min fri-plass. Men det har det berre blitt ein gang av i vinter. Tragisk, seier Ingebjørg.

Ingebjørg skulle normalt blitt fotballspelar. Med Magnar Aaland som far og engasjert trenar både på A-lag og i ungdomsavdelinga i Stord gjennom fleire tiår.

– Eg var med på treningsleiar og turneringar frå eg var berre nokre veker. Dana Cup og Skagen Cup. Difor heldt eg på med fotball til eg var 17 år. Det var ikkje så spennande å trene fotball. Men



Landslagsspelar Kristian Bjørnsen kjem for å opna årets Handballfestival.

Debuterer på Handballfestivalen

No ventar eit nytt proffeventyr for Kristian Bjørnsen. Men først skal han opna Handballfestivalen.

Andreas Gjeitrem

Kristian Bjørnsen stod fram som ein av Norges absolutt fremste aktørar då Christian Berge og hans disiplar skapte norsk handballfeber då EM gjekk av stabelen i Polen. Bjørnsen er i dag lagkamerat med Inge Aas Eriksen i svenske IFK Kristians-tad. I 2016 flyttar han til tyske HSG Wetzlar. Men før det kjem den norske høgreflanken til Stord for å opna Handballfestivalen 2016.

– Eg har aldri vore på Handballfestivalen, så det blir kjekt å få lov å vera med på, seier Bjørnsen.

Handballturneringar og festivalar er alltid noko han har likt. Her får ein treffe mange nye menneske og få spele mot lag som ein kanskje ikkje har spelt mot tidlegare.

Nøgd med landslaget

– Suksessen til herrelandslaget kjem først og fremst av eit veldig bra sam-hald i gruppa. Me står saman både når det går bra og når det går mindre bra. Mange spelarar har vore med i meisterskap tidlegare, men det er første gong på lenge at me verkeleg får vist kva potensial som bor i laget. I tillegg veit me at me har eigenskapar og kvalitetar i laget som er gode nok, slår kantspelaren frå Stavanger fast.

Det at Christian Berge og Glenn Solberg har komme inn og hatt stor fokus på det kollektive samarbeidet, gjer ifølgje Bjørnsen at dei har vore mindre avhengige av ekstreme enkeltmannsprestasjoner, og at det er fleire som er med og drar lasset.

Lagspel

Når ein spelar kant er ein veldig avhengig av medspelarane sine, og for å skåra mykje mål må ein få sine sjansar.

– Det gjorde eg i denne meisterskapen og må vel takke lagkameratane mine for det, innrømmer Bjørnsen.

Han har alltid vore glad i å lage mål, og ofte spelt på lag som likar høg fart i spelet og bruke breidda i laget sitt. I tillegg har han vore blant dei som får lov å ta straffer, som mange reknar som enkle ekstramål.

No ventar forhåpentlegvis nye eventyr i Tyskland og Wetzlar.

– Eg håpar at eg kan halda fram utviklinga mi i verdas beste liga og få ein endå betre treningskvardag og matching mot betre lag og betre spelarar. Eg gler meg veldig og ser fram mot å komme i gang etter som-maren!

Kristian Bjørnsen sine beste råd til unge lovande spelarar er å vera tolmodige og trene så bra som det går. Utviklinga til spelarar skjer i ulik hastighet, men med tolmød vil resultatata komme til slutt. Og kanskje det viktigaste rådet av alle: Ha det gøy!

PRAKTISK INFORMASJON

SEKRETARIAT

Sekretariatet er i Nyehallen, forbi sjøve hallen, i Konferanseavdelinga. Her får du hjelp til det meste. Det er betalings-terminal i sekretariatet, og mogleg å ta ut pengar der! I tillegg er det betalings-terminalar i grilltellet, og i Hovudkiosken i Nyehallen. Sekretariatet er opne mellom kl. 08:00 og kl. 24:00 (stenger kl. 23:00 på fredagen) Turneringstelefon: 53 40 09 90

TRANSPORT UNDER FESTIVALEN

Dei laga som bur på skular utafor nærområdet til Vikahaugane, kan bestilla transport til og frå overnattingsstaden. Dette kan gjerast ved å ringa til telefon 97537473.

Bestill transport i så god tid som mogleg. Transport er inkludert i kortavgifta. Send SMS om du ikkje får svar med ein gong.

LAGFOTOGRAFERING

Fotografen kjem i år. For nærare info om tid og stad, sjekk i sekretariatet.

SERVERING AV MAT I "TURNKASSEN"

Frukost og middag vert som vanleg servert i Turnkassen vegg i vegg med "Nyehallen". Det vert følgjande opningstider:

Laurdag:

Frukost 06:30 – 10:30
Middag - Taco 13:00 – 17:00

Sundag:

Frukost 06:30 – 10:30
Middag – Kjøttkaker 13:00 – 17:00

Måndag:

Frukost 06:30 – 10:00
Middag - Kylling/ris 12:00 – 15:00

FØRSTEHJELP/SKADESTOVE

Førstehjelpene er stasjonert i sports-senteret (inn døra og til venstre). Kontakt med lege eller tannlege skjer gjennom dei på skadestova.

VIKTIG OM KAMPOPPSETTET

Siste versjon av kamppoppsettet/resultat er tilgjengeleg på heimesida www.handballfestivalen.no. I tillegg på appen Sportswik. Det vert utvida trådløst nettverk under festivalen.

PREMIEUTDELING

For alle spelarar, til og med 12 år, vert det medaljeseremoni i Nyehallen måndag kl. 11:00. Lag, med lagleiarar, stiller opp på baksida av Nyehallen seinast kl. 10:45 (Mrk. K i kartet).

TRYGGLIEN

Det vert lagt stor vekt på tryggleiken til deltakarane. Foreldre og klubbar som sender born/ ungdom til Stord under Handballfestivalen, skal veta at tryggleiken er ivareteken. Handballfestivalen er sjølvstøtt eit rusfritt arrangement. Dersom brannalarmen går – forlat skulen straks. Lagleiar skal samla laget sitt utafor skulen (på avtala samlingsplass eller ved flaggstong på skuleplassen). Lagleiar er ansvarleg for oppteljing av sine lag, og melder tilbake til vaktane. NB!! ALLE LAG MÅ PAKKA OG

SJEKKA UT ROMMA SINE INNAN KL. 10. PÅ MÅNDAG !

PARKERING

Sjå oversiktskart med oppmerka parkeringsplassar !

FRITIDSSAKTIVITETAR

LAURDAG 14. MAI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane. Bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 23:00
Tog frå Leirvik skule, oppstilling frå kl. 11:00, avgang kl 11:30.

Beste innslag i toget vert premiært. Ordføraren ynskjer velkommen til Stord, og helsar frå Stord Kommune. Opning Handballfestivalen på Torget kl 12:00 v/ Kristian Bjørnsen
Turnerings-eiden vert lest opp av: Mari Haga Skibenes & Lukas Kaldestadbakken
Bading i Kulturhuset (påmelding i Sekretariatet) kl 15:00 – 21:00
Kanopadling i Vikastemmo (andedammen) kl. 15:00 – 19:00
Funballz ved Grasbanen kl. 12:00 – 19:30
Hoppeslott ved Grasbanen kl. 12:00 – 19:30

Grillfest (skuleplassen ved Ungdomsskulen) Varme grillar til bruk for deltakarane kl. 19:30 – 23:00
Stord Eventband spelar på Wärtsilä-scenen kl. 20:00 – 21:00
Spinæ Company dansar kl. 21:00 – 22:00

SUNDAG 15. MAI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 23:00
Bading i Kulturhuset (påmelding i Sekretariatet) kl. 09:00 – 21:00
Kanopadling i Vikastemmo (andedammen) kl. 12:00 – 19:00
Funballz ved Grasbanen kl 12:00 – 19:30
Hoppeslott ved Grasbanen kl. 12:00 – 19:30
Algofilia – oppvarmingsband kl.19.30
Kløver -& Skarre R kl. 20.00 på WÄRTSILÄ SCENEN

MÅNDAG 16. MAI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 17:00

Fair play: Etter J13, A-finalen. Allstar: Etter at finalene i dei aktuelle klassane er ferdige. (G/J 13 og 14)

A-finalane går i Nyehallen og B-finalane i Gamlehallen måndag. Flotte premieseremoniar i Nyehallen, fortløpande etter kvar finale, frå ca. kl. 12.00 – 18.00.


ALLE ER VELKOMNE PÅ TRIBUNEN I NYEHALLEN TIL DENNE FLOTTE OPPLEVINGA.

BANE Nr.

1. Nye hallen
2. Gamle hallen
3. Racket hallen
4. Nordbygdohallen
5. Kunstgras
6. Kunstgras
7. Kunstgras
8. Kunstgras
9. Kunstgras
10. Kunstgras
11. Kunstgras
12. Kunstgras
13. Kunstgras
14. Kunstgras
15. Stadion
16. Stadion
17. Stadion
18. Stadion
19. Stadion
20. Stadion
21. Stadion
22. Stadion
23. Stadion
24. Tennisbanen
25. Tennisbanen

reserve:

15. Presteg.skogen
16. Presteg.skogen
17. Presteg.skogen
18. Presteg.skogen
19. Presteg.skogen
20. Presteg.skogen



- INFO Aktivitet etc. (A)
- A. Sekretariatet
 - B. Kantine
 - C. Samling tog til torget
 - D. Leirvik skule
 - E. Førstehjelp
 - F. Buss avgang til Nordbygdohallen
 - G. Grillfest
 - H. Kanopadling
 - I. Sand volleyball
 - K. Oppstilling premieutdeling
 - L. Hesteridning
 - M. Basseng, Stord kulturhus
 - P. Parkering
 - W. Wartsila Scene
 - H. Funballz
 - S. Mattelt
 - H. Hoppeslott
 - Bo. Bobil oppstilling
 - Hs. Hjartestartar



TURNERINGSREGLAR

Her finn du turneringsreglane som gjeld for Handballfestivalen. Dersom det er nokre av desse du lurar på - eller om du saknar noko - ta kontakt med oss!

Årsklassar og speletid

Turneringa er for jenter og gutar frå 7 til 16 år. Klasseinndelinga følgjer nye årsklassar (den klassen dei skal spela i 2016/17).

KLASSE (J/G)	SPELARAR	SPELETID	BALL (J/G)
Mini (fødd 09/08):	3 + flyvande keeper	2 x 10 min	Str. 00 / Str. 00
Mini (fødd 2007):	3 + flyvande keeper	2 x 10 min	Str. 0 / Str. 0
J/G 10 (fødd 2006):	5 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 0 / Str. 0
J/G 11 (fødd 2005):	5 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 0 / Str. 0
J/G 12 (fødd 2004):	6 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 1 / Str. 1
J/G 13 (fødd 2003):	6 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 1 / Str. 1
J/G 14 (fødd 2002):	6 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 1 / Str. 2
J/G 15 (fødd 2001):	6 + fast keeper	2 x 15 min	Str. 2 / Str. 2
J/G 16 (fødd 2000):	6 + fastkeeper	2 x 15 min	Str. 2 / Str. 3

Kun klister i J/G 15/16

Ved stor påmelding vil me vurderer å begrensa antall lag i kvar klasse til 36. Her gjeld prinsippet "først til mølla" (det kan vera at lag som melder seg på innan fristen ikkje får bli med - dette vil de få svar tidleg på). Ved for få lag i ein klasse, kan den bli slått saman med ein annan klasse.

Puljer / spelesystem

Laga vert delt inn i puljer. I utgangspunktet vil det vera fem lag i kvar pulje. Dette gjev kvart lag minst fem kampar; fire innleiande kampar + minst ein sluttspelkamp. Alle laga går vidare til sluttspel. Dei beste i pulja går til A-sluttspill, resten går til B-sluttspill. I aktivitetsserien (til og med 11 år) spelar ein tre kampar laurdag og tre kampar søndag.

Me kan diverre ikkje ta omsyn til særlege ynskjer vedrørende kollisjonar av kampar i 7-11-årsklassane. Når det gjeld eldre klassar kan me heller ikkje lova noko på førehand vedrørende oppsettet - men me vil gjera vårt beste for at kampane ikkje kolliderer.

Ein spelar kan ikkje spele på to lag i same klasse. Brot på denne regelen vil medføre at det laget som lånar ein spelar tapar kampen.

Kamparena

Me spelar kampar i fire hallar og mange banar utendørs. Dei eldste klassane spelar inne. Alle A- og B-finalar vert avvikla inne. Ute spelar me på kunstgrasbanen og gras (hugs eigna sko).

Det er i utgangspunktet IKKJE sekretariat på kampane. Dommarane har kontroll på tidtaking og målprotokoll.

Dispensasjon for alder

I utgangspunktet gjev me ikkje dispensasjon for alder, men det er mogeleg å søkja om dette. Dersom dette vert innvilga, vert laget satt sist i si pulje. Laget får spele sin første sluttspelkamp i B-sluttspellet, men "tapar" denne. Me følgjer reglane som gjeld for Region Vest.

Jury

Det vert satt ned ein turneringsjury med arrangørens representant som leiar. I tillegg skal juryen bestå av ein nøytral leiar frå eit gjestande lag, samt ein representant fra dommarane. Eventuelle protestar må følgja NHF's protestreglement, og protesten må stadfestast skriftleg til juryen seinast 30 minutt etter kampslutt. Protestgebyret er på kr 750,- og må betalast saman med protesten.

Spelarregistrering

Av sikkerhetsmessige og sportslege årsaker må alle levera inn lagslister. Spelarar kan registrerast ved påmeldingen. Her kan ein også endra på spelarar heilt fram til festivalstart. Spelarlisten kan også sendast til Stord Handball eller leverast når laget kjem.

Tabell / poengberegning / sluttspill
2 poeng til vinner, 1 poeng ved uavgjort, 0 poeng ved tap. Ved likt antal poeng i puljespel vert rekkefølga satt slik:

1) Innbyrdes kamp (om meir enn to lag har like mange poeng vert det "ny" tabell for desse laga).

2) Målskilnad innbyrdes kampar

3) Flest scora mål i innbyrdes kampar

4) Målskilnad alle kampar i pulja

5) Flest scora mål alle kampar i pulja

6) Loddtrekning

Eit lag må spele alle innleiande kampar for å komma til A-sluttspellet. Lag som spelar med dispensasjon er merka ** i kampoppsettet, og endar sist i puljespelet. Dei får spele første kamp i B-sluttspellet, men vil uansett tapa denne kampen.

I sluttspellet vert "første målet vinner" nytta ved uavgjort resultat etter ordinær tid. I sluttspellet kan ein nytta inntil fem minutt med speleforlenging ved fortsatt uavgjort resultat. Dersom stillinga er uavgjort etter speleforlenging, vert kampen avgjort ved myntkast. Derom eit lag ikkje møtar til kamp, ventar dommarane maksimalt i fem minutt før framømte lag vert tildelt sigeren.

I finalane vert det spela "første mål vinn" inntil kampen er avgjort. Ved uavgjort resultat etter ordinær tid i sluttspellet vert det nytta loddtrekning for å avgjera kva lag som skal starta med ballen når det skal spelast "første målet vinner".

Første avkast

Laget som står først i kampoppsettet startar med ballen, og startar til venstre for sekretariatet. Det er også dette laget som har ansvar for draktskifte dersom det er behov for dette.

Premiering

- Lagspremie (pokal) til finalelaga i A-sluttspel og pokal til vinnaren av B-sluttspel (J/G12-16)
- Individuelle premiar til finalelaga i A-pulja (maksimalt 15 premiar pr lag)
- Høytideleg premieutdeling i Nychallen mandag formiddag for alle spelarane i J/G 7-12 år*.
- Kåring av Fair Play-klubb på finaldagen.
- All Star-lag vert kåra i klassane J/G13 og J/G14.
- Beste klubb vinn kr 10 000,- (Vert utbetalt på finaldagen)
- Nest beste klubb vinn kr 5 000,- (Vert utbetalt på finaldagen)
- Stord deltek ikkje i Beste Klubb-konkurransen.

* Mandag kl. 11.00 vert alle laga til og med J/G 12 samla utanfor Nychallen (mot Ungdomsskolen). Det vert da innløping hand-i-hand for alle spelarar, trenarar og oppmenn. I hallen vert det da litt show kring denne medaljeutdelinga, og med stappfulle tribunar med foreldre kan dette virke noko kaotisk, men dette er ein fin tradisjon som alltid skapar god stemming.

Reiser frå Stord med gode

Oscar Kihlstedt har vist att, både på og utanfor banen. No reiser han tilbake til Finland.
Foto: Marius Knutsen



Oscar Kihlstedt tar farvel med Stord etter fem minnerike år på handballøya. No set finnen kurs mot heimelege trakter med toppseriehandball i BK 46 og for å skaffe seg ei utdanning

Tekst: RUNAR ØVREBØ

– Eg reiser heim til Finland for å spele meg inn på det finske landslaget og for å få meg ei utdanning. Men om kroppen er bra så vil eg reise ut att om to år. Kanskje det blir det Norge på nytt, seier Oscar Kihlstedt etter fem gode år på Stord.

Korleis hamna du på Stord?

– Det var Vidar Gjesdal som hadde sett meg på juniorlandslaget. Han var klar som Stord-trenar og kunne lokke med nysatsing for å rykkje opp i eliteserien. Det lokka og det har eg aldri trega på.

Høgdepunkt

Her på øya følte finnen seg godt motteken frå første dag.

Karis er ein liten by i Finland. Så Stord var perfekt for meg. Sola skein og sommarøya Stord gjorde valet lett.

På plass i klubben, så hadde eg fort 15–20 gode venner. Samhaldet i klubben var topp. Me rykte opp og hadde mange oppturar og fine opplevingar på handballbanen.

Spesielt vil eg hugsa den dramatiske semifinalekampen mot Fyllingen med full hall og stor stemning. Semifinaletapet mot Bækkelaget i sluttspølet blei og dramatisk då me rauk med eitt mål.

Skader

Oscar Kihlstedt har mange gode minne, men har og sine mareritt etter mange og lange skader.

– Det har diverre blitt slik. 3 av 5 sesongar har gått skeis med skader. Har vore ute i 36 månader. Det er surt.

Slik skulle og karrieren til Oscar ende i Stord. Etter å ha vore ute med skulderskade i haust, fekk han berre nokre sekund på banen før skademarerittet slo nådeløst til på ny.

Denne gangen var det kneet det gjekk hardt utover.

– Men no har eg fått friskmelding og

reiser heim til Finland for å satse for fullt. Får håpe det er slutt på skader på ei stund no, seier Oscar.

Har du vore freista til å leggje opp etter alle skadane?

Nei, dei tankane har eg aldri hatt. For

meg er handballen som ein god venn. Den har gitt meg mykje.

No legg eg inn ekstra treningar i sommar for å stå best mogeleg rusta til neste sesong i Finland.



Dei siste åra har det blitt lite handball på den skadefølgde finnen.
Foto: Runar Øvrebø

minne

Konkursfare

Oscar innrømmer at den siste sesongen med Stord har vore tung og spesiell. Lenge var det fare for at Stord Elite kunne gå konkurs. Både trenar, spelarar blei løyst frå kontrakten og sendt heim.

– Me prøvde å halde både motet og humøret oppe. Men det er ikkje til å nekte på at dette gjekk på psyken til dei som blei att, innrømmer finnen.

Vi held framleis kontakt med dei som har reist frå øya. Vi har knytt nære band gjennom mange middagslagingar og spelekveidar.

Suksesstrenar

Etter tunge tider med herrelaget var det godt å kople av med trenarjobb for G15-laget til Stord.

Før Oscar dukkar opp på treningane sleit laget med mange tap og svak tabellplassering. Med Oscar på benken blei det fort ein ny vår og ny mentalitet blei prenta inn i gutane.

– Dei stod med open munn og stira på meg under den første treninga. Dei forstod vel ikkje kva eg sa, seier Oscar med sin svensk-finske dialekt.

Kva var oppskrifta di?

Me satsa på dei kollektive. Laget hadde ikkje einaren eller den individuelle spelarane. Men me klarte å spele oss gode saman. På slutten slo me alle og klatra på tabellen.

Mitt motto er: Eg vil ikkje berre ha ein inar, men seks som spelar som eit lag.

Korleis er du som trenar?

– Det må vera gøy. Men for at det skal bli det må me ha disiplin. Når me trenar så skal me ha fokus på det som skjer på treningane. Eg trivest veldig godt i denne gruppa. Difor er det trist å ta farvel med laget og spelarane. Men me får ein flott siste reis når me set kursen mot Barcelona og Granollers cup frå 27 juni til 4 juli.

Eg vil i same slengen takke Sigbjørn Almås og Rune Loftheim for den flotte jobben dei har gjort rundt laget.

Turen til Spania blir flott for både meg og G15-gjengen, seier Oscar Kihlstedt som tar flyttelasset frå Bandadalen i av juli.

Oscar Kihlstedt

Født: 26/6-1991, Karis (80 km vest for Helsingfors)

Kjæraste med Paula

Yrke: Handballspelar/ungdomstrenar
Favorittmat: Rekegryte med chili og ingefær

Favorittmusikk: Guns N' Roses, AC/DC og Queen

Liker å lese: Boka om Zlatan
Ferieparadis: Thailand/Hawaii

Idrettsfelt: Zlatan
Det irriterer meg: Blir lett irritert når eg er svolt. Då går det ikkje an å snakke med meg.

Travel trønder



Bildetekst: Aksel Sæther trivst i rolla som leiar av ungdomsavdelinga i Stord Handball. Foto: BENDIK HYSTAD

Han er trebornsfar, ekte-mann, har full arbeids-dagar i Haugaland Kraft og er sist, men ikkje minst leiar i ungdomsavdelinga i Stord Handball. Aksel Sæther er ein travel mann.

BENDIK HYSTAD

– Det er kjærleiken for sporten som driv meg, fortel Sæther. Som leiar i ungdomsavdelinga har han ansvar for logistikk og administrasjon rundt alle laga som ikkje går under avdelinga til Stord Handball Elite.

– Me er eit arbeidande styre med 5 styremedlem, som driv med administrativt arbeid. Der har me blant anna ansvar for kven som skal trenast dei forskjellige laga, organisering av kampar og liknande, fortel Sæther. Den hardtarbeidande 39-åringen er fødd og oppvaksen i Malvik utanfor Trondheim, og flytta til Stord i 2005 etter å ha funnet kjærleiken saman med Kristine Mikkelsen då han stud-

erte på Handelshøgskulen i Bergen.

– På Stord trivst eg som plomma i egget, vedgår Sæther.

Trønderen har ein klar filosofi om korleis ein kan utvikla samarbeidet mellom dei to handballavdelingane i Stord.

– Det er me allereie starta med. Stord Handball og Stord Handball Elite har begynt med eit tettare samarbeid, og me har gode samtalar med Øyvind Nyhammer og Sigurd Sævareid. Det handlar om å ha ein raud tråd i klubben, slik at ikkje alt blir heilt nytt for spelarane som tar steget frå ungdomsavdelinga og opp til seniorhandballen, forklarar Sæther. Han vedgår at han som person kan vera ein krevjande mann å arbeida saman med.

– Ja, eg kan nok til tider krevjande. Eg likar å ha ein finger med i spelet, og er veldig utålmodig i den forstand at eg vil ha ting unnagjort. Eg likar ikkje å utsetja arbeid, fortel leiaren.

– Det er vel ein god eigenskap å vera litt utålmodig med ein slik jobb?

– Jo, det kan vel vera både positivt og negativt, svarar Sæther.

No ser han fram til Handballfestivalen 2016, både på personleg og profesjonelt nivå.

– Det er jo stoltheita vår. Eg trur ikkje eg har vore med på eit slikt handballarrangement nokon andre plassar. Handballfestivalen er på eit heilt eget nivå når det gjeld å vera intimt og kompakt, fortel han ivrig og gir skryt til alle som er involverte det enorme arrangementet.

– Det som fascinerer meg på Handballfestivalen er at sjølv om enkelte lag får utdelt kampar som kræsjar med måltid, eller er på eit ugunstig tidspunkt, så er det ingen sure miner. Alle er som regel i strålende humør heile helga. Det gjeld og alle som legg ned ein enorm dugnadsinnsats, og det er heilt fantastisk å sjå! fortel Sæther som sjølv har hovudansvar for ikkje mindre enn 8 lag denne helga.

– Eg har innsett at eg må nok delegera ein del av kampene til foreldre og andre, elles kan det bli travelt, smilar trønderen.

Her er den nye matsjefen: Vil snike inn litt nytt

Dronninga og sjefen for den gode maten på Handballfestivalen i 26 år, Jorunn Bekkenes har abdisert. No er det dottera Trine som blir den nye matsjefen.

Tekst: RUNAR ØVREBØ

- Klart det er litt skummelt å overta etter mamma. Det er ein enorm jobb, stort ansvar og mykje å tenkje på, seier Trine Bekkenes.

37-åringen har sommarfuglar i magen nokre dagar før det brakar laus oppe på Vikahaugane.

- Jorunn har mykje av systemet sitt i hovudet. Eg må ha det på papir og i lister.

Gjennom mange år har Jorunn skaffa Handballfestivalen er godt rykte for den gode maten og kor profitt det har blitt gjennomført.

- Det er klart eg skal føra arven vidare. Dei gode kjøtkakene og taco'en kjem til å bli ført vidare. Det skal bli rikeleg med mat, lovar prinsessa som har planar om å sette sitt preg på menyen.

Sunnare mat

- Eg vil prøve å snike inn litt nytt og sunnare mat. Litt nye alternativ vil berre friske opp, seier ein engasjert matsjef.

Sushi, eller «susi» som mamma seier, smoothie og fiskeburgarar vil sjå dagens lys i matteltet, røper Trine med spenning i blikket

- Blir det slutt på chips, pølse og hamburgerar?

- Nei. Alle kan ta det heilt med ro. Det blir pommes frites og grillpølser for dei som vil ha det.

- Men eg trur sushi og fiskeburger vil slå an. Etter litt ovetaling har mamma vist tomme opp for den nye menyen.

Høge krav?

Gjennom god mat har me sett høge krav til oss sjølv. 4000 skal ete taco første dagen. Med tilbehør og alt blir det ein stor jobb for dei som skal servere. Men dette gjer me for at gjestene skal ha det godt under Handballfestivalen. For å mette 4000 går det glatt 800 kg med kjøt-deig.

Kva er skrekksenario for de i matsalen?

- Det må vera lange køar. I fjor blei det litt krevjande med opp mot ein timens ventetid. I år håpar me flyten blir betre og køane kortare.

Korleis blir helga for deg under Handballfestivalen?

- Det blir minst 100 timar med dugnad. Opp klokka seks for å gjera klar

frukost. Sidan går det slag i slag fram til klokka to på natta. Så blir det nokre få timar på puta, seier den travle trebarnsmora. Opp i alt styret skal ho vera mor til Tuva (14), Aina som blir sju og vesle Ava på 3 månader.

Positive Mona

For å kunne klare jobben har eg ein flott samarbeid med Mona Christensen. Eg tar meg av alle listene, bestillingane og går på møta. Mona gjer grovarbeidet og er den praktiske og ikkje minst positive. Med Mona i ryggen ordnar alt seg, seier Trine.

Trine Bekkenes har vekst opp med Handballfestivalen. Frå ho var ei lita jente på ni år har ho både, spela, dømt kampar og trent lag. I tillegg gått i hælane på Jorunn som har styrt middag og serveringa i alle år.

- Me må ikkje gløyme pappa, Tore. Han gjer ikkje så mykje av seg. Men Tore gjer ein god jobb gjennom rydding og støtte rundt matsalen. Du finn han på baksida av matsalen midt mellom travle serveringar, seier Trine.

I desse dagar er matsjefen komme tilbake på hårfrisørsalongen Pepper nede i Borggata, etter fødselspermisjon. Så då blir det opplading med saks, klipping og striping av hår før Handballfestivalen brakar laus.

Dette går med under Handballfestivalen:

130 kg med skinke
130 kg med grillpølser
1300 kg pommes frites
60 kg kaffi
800 kg kjøtdeig
950 brød
6000 stk. med mjølk (0,3 l)
4000 porsjonar med Taco



Jorunn Bekkenes har hatt matansvaret i "alle" år. No overlet ho ansvaret til dottera Trine. Foto: Henrik Mundal Andreassen

Trine Bekkenes

Født: 20/6 1979, Stord
 Yrke: Eigar av frisørsalongen Pepper
 Gift med: Jonatan Gniste
 Tre barn: Tuva, Aina og Ava
 Favorittmat: Jonatan elsker å lage mat. Så då må det bli kjøtt og biff.
 Ferieparadis: Spania
 Likar å høyre på/musikk: Live (rock)
 Mi siste leste bok: « Sjarmen av tarmen »
 Det irriterer meg: Folk som ikkje heldt avtalar.

Som tiåring i 1983 var Trine Bekkenes med då mamma, Jorunn, gjorde dugnadsinnsats i Handballfestivalen. I over 20 festivalar har Jorunn hatt eit ansvar for matservering og kiosksal. No overlet ho ansvaret til dottera. Trine har planar om å halda ut minst like lenge som mammo i dugnadsgjengen. Foto: MARIUS KNUITSEN



Trine Bekkenes har bokstaveleg tala fått Handballfestivalen inn med morsmjølka. No overtek frisøren matansvaret etter mora Jorunn. Foto: Henrik Mundal Andreassen

Frå Handballfestival til Haukeland

Tre dagar før Handballfestivalen i fjor opplevde John Laukhamar sitt verste mareritt. 60-åringen blei ramma av slag på turen heim frå jobb i Bergen.

Tekst: RUNAR ØVREBØ

I Sandvikvåg venta sjukebil. Rett til Stord sjukehus der helikopter stod klar for å transportere han direkte til Haukeland.

– Eg hadde vore på jobb heile dagen. Då eg sat på ferja heim skjønte eg at det var noko gale. Difor ringde eg kona, seier John Laukhamar, som er glad for at han rakk fram i tide.



Hard trening

Eitt år seinare er den tidlegare plattform- og vedlikeholdssjefen i full trening og ser lyst på framtida.

– Akkurat no er eg på Hauglandsenteret i nærleiken av Florø. Her er eg i dei beste hender og i full trening. 18 mai kjem John tilbake til Stord. Eg har berre godt å seie om korleis helsevesenet og Nav har stilt opp for å hjelpe meg på beina.

– No er eg her for å trene språk, armar og bein.

Gjennom trening og hardt arbeid har John vent tilbake til kvardagen på ein imponerende måte.

To dagar på jobb på Sandsli. Resten av veka er han heime på Stord der han trenar og får oppfølging av eit godt støtteapparat på Rehaben.

– Det er litt spesielt å sjå nyheitene frå helikopterulukka utanfor Turøy. Eg har jobba i Nordsjøen og for Statoil sidan 1979. Det har blitt mange turar med slike helikopter, seier John som kjenner godt ein av dei omkomne frå ulukka.

Toppform

– Røyken har eg stumpa for tre år sidan, og aldri har eg vore betre trent. Når eg er heime går eg til Masta og 12 kilometeren i Landåsen. Diverre når eg ikkje Handballfestivalen i år. Men neste år kjem eg for å køyre boss i saman med Kjartan, lovar 61-åringen.

Gjennom mange Handballfestivalar har John Laukhamar hatt ansvar for overnatting og sytt for at laga

har komme til dei rette klasseromma. Men i 2007 blei det ein spesiell Handballfestival for den sindige tysnesingen.

– Eg sat å hørte på radioen om den triste ulukka med Willy Brask tidleg om morgonen 17. mai. Eg var i Nordsjøen og hadde ei veke att på jobben. Men i ein vanskeleg situasjon fekk eg permisjon og melde meg til teneste. Eg hadde vore med på førehand og viste kva eg gjekk til, seier John som tok jobben på strak arm i ein vanskeleg oppstart for Handballfestivalen.

Det viser samholdet i denne gruppa som står bak Handballfestivalen.

– Kva vil du sei til dei som skal vera med på årets festival?

– Ha det gøy og ta vare på det gode humøret, seier John Laukhamar, som har mange gode minne frå mange Handballfestivalar på Stord.

Jonn Laukhamar

Født: 2/3 1955, Tynes (Skorpo)

Gift med Gunn i 39 år

Fire barn: Mette og Anne (tvillingar), Linda Beate og Jeanett.

Yrke: Maskinist (Har jobba i Nordsjøen sidan 1979)

Favorittmatt: Fleskedyp

Ferieparadis: Grand Canaria (17 år på same plassen)

Favorittmusikk: Vamp



G. Sagenes - Ådland



HAGA



Postboks 155, Osen 5, 5401 Stord. Tlf: 53 40 96 00

REMA 1000

BJELLAND • HEIANE



Grov Grasklypp

- Alt i vaktmestertjenester!

Tlf. 934 49 864 - mail: grov.gras@gmail.com

GODE TILBOD I TELTET!

HANDBALLFESTIVAL

PÅ STORD!

OPE TELT
LAURDAG 14. TIL
MÅNDAG 16. MAI

VARENE I TELTET:
30-60%
(NOKRE VARER TIL ORD. PRIS)



-30%



Godt utval av Hummel-varer



-30%

Alle håndballsko

HVERDAGER 10-20, LØRDAG 10-18
HAMNEGATEN 11, AMFI SENTER, 5412 STORD
TLF: 53 40 31 80

sport 1
Stord

GODT UTVALG I BUTIKK!

Få en ny løpsopplevelse!



HOKA løpesko har opptil 2,5 ganger så mye demping og beskyttelse som vanlige løpesko, og den karakteristiske buede fasongen på sålen gjør at du får en meget rask rullebevegelse til forfoten og frasparket. For personer med belastningsskader, f.eks. kneproblemer, så er dette et meget godt alternativ da den ekstreme dempingen er skånsom mot smerter i kneet. Prøv et par i dag og finn ut hvorfor så mange av landets beste idrettsutøvere foretrekker HOKA!

EKSTREM DEMPING - 5 MM DROPP



1599,-

HOKA CHALLENGER ATR 2

Allround løpesko som passer til alt fra asfalt-, grus- og stiløping. Den tykke sålen og enorme dempingen gir stor beskyttelse for alle typer løpere, til de lengste terrengløpene. Modell: Dame/Herre

HOKA ONE ONE



1899,-

HOKA VANQUISH 2

Denne skoene har fått toppkarakterer på alle forbrukertester! Utrolig komfortabel og meget lett, gir et meget effektivt steg! Topp til mengdetrening. Modell: Dame/Herre

Sport 1 Stord
Hamnegaten 11, Amfi Senter
Tlf: 53 40 31 80

Åpningstider:
Hverdager 10-20
Lørdag 10-18

Hoka løpesko er å finne i butikken på Amfi, 3. etasje.

sport 1
Stord

**NYTT NAVN,
SAMME FOLKA.**

CIRCLE K Leirvik

Vabakken, 5411 Stord
Telefon 53 41 35 22

Man.-fre. 06.00-23.00
Lørdag 08.00-23.00
Søndag 08.00-23.00



På lag med deg
med store mål



APPLY LEIRVIK
Me støttar unge talent

Ope laurdag 14. mai kl. 10-15

Velkommen til ein hyggeleg handel!

litt mer personlig

**MX-SPORT
HEIANE**

HEIANE STORSENTER,
5412 STORD
TLF. 53 41 50 30



Tenker du på ny bil? Vi gjør ikke annet ...

Spør regionens største bilsenter om hjelp!

53 40 40 40

FYLKESNES BIL

53 40 40 40 - fylkesnesbil.no - facebook.com/fylkesnesbil



VI ER STOLTE AV Å
FÅ BIDRA TIL UTVIKLING
AV FREMTIDEN

FRONTA

www.frontagruppen.no

Velkomen til selskap!

Me har flotte selskapslokale til alle anledningar, eit kjøkken med fokus på den gode smaksopplevinga og hyggelege overnattingsprisar.



Sommeravslutning • Feiring av dag • Jubileum • Slektstreff • Reunion



STORD HOTELL

RING 53 40 25 00
BOOKING@STORD-HOTEL.NO
WWW.STORD-HOTEL.NO

Bu sentralt og godt på Stord

2016
Nyrenovert og ombygd



Hotellet ligg på sørsida av Leirvik sentrum (500m)



Almaas Hotell Stord

Telefon: 53 40 99 99

E-post: post@almas-hotell.no

Nett: www.almas-hotell.no

Stord

AGE STOKKEN

ØYVIND ANGELTVEIT

LYKKE KRISTINE MOEN

REGI SIGURD SELE

SOMMARREVVYEN MØTER SEG SJØLV I DØRA

PREMIERE LAURDAG 28. MAI - SPELAST MAI, JUNI OG JULI 2016 - BILLETAR TLF: 53 40 00 72

Flügger farve Stord STORD EIENDOM FRONTA MAXBO STORD GLAFOT EVENT

EIN STOR TAKK TIL VÅRE SAMARBEIDSPARTNARAR

Stødige samarbeidspartnarar







www.frontagruppen.no




Andre samarbeidspartnarar

Apply Leirvik	Stord Fotball
Bakeriet Frugård	Stord Hotell
Engevik & Tislevoll	Grand Hotell
Grov Elektro	Stord Innkvartering
Grov Grasklypp	Stord Kommune
Heiane Bil	Stord Symjeklubb
Hennig Olsen	Stord Tennisklubb
Il Trott	Stord Trafikkopplæring
Judoklubb Stord/Fitjar	Stord Ungdomsskule
Kjelsbergs Kaffi	Stord Vidaregåande Skule
Lerøy	Stord Volleyball
Leirvik Dampbakeri	Sunnhordland Eiendomsinvest
Leirvik Varetaxi	Sæ Barnehage
Norengros	Tide Buss
Rema 1000, Bjelland	Vest Catering
Statens Vegvesen	Vest Lydservice
Stomas	Vilvettene Friluftsbarnhage
Stord Eventband	